



Eining for eigedom

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2192 - 19/26035

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2019

Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 188/592

Tiltak: utvida bruk av avkjørsle
Byggjestad: Gbnr: 188/592 Oteråsen 17-19ABCD
Tiltakshavar: Eining for eigedom
Ansvarleg søkjar: Sandra Waage

Delegasjonssak nr.: 485/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for ny tilkomst til kommunal bustad datert 31/7-2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er behov for å bygge støy-/innsynsskjerm mellom bustadane og kommunal veg mot E-39. Skjem skal byggjast så tett opp mot veg som er mogleg. For å få det til, skal inn og utkjørsle stengast og ny tilkomst til bustadane vert via eksisterande parkeringsplass. Den korte strekninga mellom eksisterande innkjørsle og parkeringsplassen vert fjerna.

Vurdering/drøfting:

Det ligg kommunalt VA-nett i den kommunale vegen. I tillegg ligg det ein del kummer med sandfang i grensa mellom kommunevegen og eigdommen. Det kan bli behov for å flytte sandfang for å få dette til, vegdriftsavdelinga må vere med å planlegge flytting av desse.

Det er viktig at det fortsatt er grøft att langs skjerminga. Grøftearealet som må stå att vil vere disponibelt areal for snø, vatn og anna vegdrift.

Då vegen er smal, kan det vere behov for å legge til rette for ein møteplass langs strekninga kor ein planlegg støyskjerm.

Det kjem ut ein snarveg i enden av støyskjermen. Skjermen kjem til å bli ei sikthindring mot snarvegen. For å unngå uheldige møte mellom mjuke og harde trafikantar, må snarvegen stengast/fjernast.

Vegavdelinga anbefaler at det vert etablert eit lite fortau langs den nye tilkomstvegen, mellom parkeringsområdet og bustadane

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Samandrag/konklusjon:

Eksisterande avkjørsle til parkeringsplass kan nyttast som ny tilkomst til dei kommunale bustadane. Kommunal VA avdeling må kontaktast for arbeid og byggverk langs VA-nett, gjeld behov for disp frå avstandskravet. Det må og søkjast dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Snarveg mellom bustadane til kommunal veg i nord vert fjerna.

Vegavdelinga gjer merksam på søknadsplikt i samband med disp frå avstandskrav til VA-anlegg og disp frå byggjegrænse mot veg.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eining for eignedom

Line Merete Valle

Sandra Waage